

Oversikt over dugnadsinnsats

Ny Turisthytte på Breidablik

Hovudtyngda av prosjektet blir utført av innleigd entreprenør. Det er likevel betydelege verdiar som blir utført på dugnad. Alle arkitekttenester og store delar av prosjektering blir utført på dugnad. Det skal gjerast noko grunnarbeid og avgraving på dugnad. I tillegg blir opprydding og klargjering av hytte gjort av dugnadsfolk.

Arkitektteneste blir utført av sivilarkitekt Eilif Bjørge. Prosjektering blir utført av sivilingeniør Tore Johan Smidt, Eilif Bjørge og Karl. H. Olsen frå hytteutvalet i Bergen og Hordaland Turlag (BHT). I tillegg sit Johnny Bjørge og Marit Djupvik frå administrasjonen i prosjektgruppa.

Det er blitt lagt ned ein del tid i prosjekteringa av arbeidet inklusiv tur på befarung for å finne ei løysing som er hensiktsmessig med tanke på plassering og funksjon.

Summane er henta inn av kvalifisert fagperson og prosjektleiar Johnny Bjørge som er hytte- og rutesjef i BHT. Johnny har jobba i BHT sidan januar 2015, men har over 30 års erfaring frå byggebransjen. Johnny er Byggmeister og har jobba som sjølvstendig næringsdrivande og prosjektleiar sidan 1998. Johnny har erfaring frå byggeprosjekt ute og inne, med hytter og hus, med system som t.d. brannsikring på Bergen brannstasjon og Haukeland sjukehus. Johnny har også snekra hus i 18 år slik at han har brei heilskapleg kunnskap om oppsetting av hus og hytter. Det siste store prosjektet han gjorde for BHT var Skålabu som stod ferdig i 2016.

Arkitekt	74 000
Prosjektering	12 000
Avgraving og arbeid med fundament	20 000
Rigging og opprydding	10 000
SUM	116 000

Beste helsing,

Johnny Bjørge

Hytte- og rutesjef

Bergen og Hordaland Turlag